



Sak nr 15/2010

Møtedato: 17.3.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Avtale om allbruksløyper og skiløyper

Frå Statskog har fjellstyret fått oversendt utkast til avtale med Valdres hundeklubb for preparering av allbruksløype. Statskog har lagt ved standard avtale for preparering av skiløyper. Denne avtalen er m.a. tilrådd av NFS. Statskog ber om uttale til avtalene.

Den 26.11.09 gav fjellstyret tilbakemelding til Statskog om at dei ville ha avtalen opp til styrebehandling: *Det er positivt at det no blir etablert avtale om bruk av allbruksløyper. Ei slik avtale er i samsvar med det som fjellstyret tidlegare har tilrådd. Det er viktig at ei slik avtale er grei å forhalde seg til når det gjeld oppsynsarbeid og det er derfor ynskjeleg at framlegg til avtale blir oversendt fjellstyret til uttale før avtale blir sendt ut til hundklubben.*

Målet er no å styre all løypekjøring i trasear, men den kommunale løypeplan er ikkje juridisk bindande. Det er derfor avgjerande at Statskog styrer arealbruken ved å etablere avtale med dei andre løypelaga i kommunen. Avtale med dei andre løypelaga skal då ikkje omfatte løyve til å preparere allbruksløype og det må kartfestast kvar dei kan preparere skiløyper. Løypeplanen vil gjera dette relativt enkelt. Samsundes må Statskog gjera det kjent at er det berre dei som har avtale som kan preparere løype i statsallmenningen. Etter forskrift til motorferdelslov kan motorkjøretøy på vinterføre nyttast til "opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakker for allmennheten og for konkurranser, når det foretas av kommuner, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter". Slik preparering kan skje utan å søkjer om kommunal dispensasjon. Fullfører ikkje Statskog arbeidet slik som skissert over, er det fritt opp til dei ulike aktørane å kjøre opp skiløyper eller allbruksløyper kvar dei vil.

I avtalen med Valdres hundeklubb er det i punkt 7.4 vist til at preparering er avgrensa til kommunal løypeplan. Det er ikkje gjort det i avtalen med løypelaga. Den kommunale løypeplanen er ikkje ei forskrift og grunneigar må ta ansvaret for styring av motorisert ferdsel. Grunneigar må derfor setja som vilkår at løypepreparering skal følgje kommunal løypeplan, jf. fjellstyret sin tilbakemelding datert 26.11.09.

Statskog har ikkje opplyst noko om korleis dei vil gjera kjent at dei tre løypelaga og hundklubben har fått retten til å preparere.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår avtalene med følgjande merknader:

1. I avtalene med løypelaga (Vaset, Nøsen og Vestfjellet) må det gå fram at løypene skal følgje det kommunale løypekartet. Vidare må det presiserast at løyve til preparering gjeld skiløyper og ikkje allbruksløyper.
2. Statskog må offentleggjera at det i statsallmenningen berre er dei tre løypelaga som kan preparere skiløyper og hundklubben som kan preparere allbruksløyper.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.3.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog